

Møteprotokoll

Utval:	Fylkeseldrerådet
Møtestad:	Fjaler, Fylkeshuset Førde
Dato:	27.10.2020
Tid:	10:40-15:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunvor Riim Opedal	Medlem	
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	
Vigdís Helene Ravnøy	Nestleiar	
Harald Kåre Ekroll	Leiar	
Berit Anita Knudtsen Larsen	Medlem	
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KRF
Kristoffer Skjolden	Medlem	
Martin Monrad Reigstad	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Lotte Karoline Lynngård	Rådgevar/møtesekretær politisk sekretariat
Åse Kittang	Rådgevar/møtesekretær politisk sekretariat

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 11/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 12/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 22.09.2020	2020/47347	
	Referatsaker		
RS 40/20	Informasjon om pågående arbeid med salskanalar	2020/46333	
	Politiske saker		
PS 27/20	NOU 2020:06 «Frie og hemmelige valg - ny valglov» - innspel til høyringsuttale	2020/60438	
PS 28/20	Ombordtillegg på bruk av bankkort om bord på bussane i Hordalandskontraktane	2020/46333	
PS 29/20	Møteplan for 2021	2020/1928	
PS 30/20	Underregulering av pensjon	2020/1928	
PS 31/20	Forslag om å innføre krav om at kommuner og helseføretak skal avtale korleis dei saman skal planleggje og utvikle tenester - Høyringsuttale	2020/1928	
PS 32/20	Høyring av forslag om godkjenningmodell for fritt brukervalg i dei kommunale helse- og omsorgstenestene	2020/1928	
PS 33/20	Utfordringar knytt til bestilling og betaling av offentleg transport	2020/1928	
PS 34/20	Innspel til arbeid med - Handlingsplan for universell utforming- frå Vestland fylkeskommune	2020/1928	

Godkjenningssaker

GK 11/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 27.10.2020

Innkalling og sakliste vert godkjent utan merknader.

GK 12/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 22.09.2020

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020

Møteprotokoll frå møte 22.09.20 vart godkjent utan merknadar.

Referatsaker

RS 40/20 Informasjon om pågående arbeid med salskanalar

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020

RS 40/20 vert referert.

Politiske saker

PS 27/20 NOU 2020:06 «Frie og hemmelige valg - ny valglov» - innspel til høyringsuttale

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet har slike innspel til ein høyringsuttale frå Vestland fylkeskommune om NOU 2020:06 «Frie og hemmelige valg - ny valglov»:

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet støttar saksutgreiinga frå fylkesrådmannen.

Vi vil i tillegg nemne følgjande:

1. Vallokala må innrettast slik at alle kan enkelt delta i valet. Vi tenkjer her på universell utforming med hjelpemiddel slik at svaksynte, blinde og hørselshemma også kan ha ei god oppleving ved valet.
2. Det er delte meiningar i rådet om ein kan ha med seg personleg assistent inn i valavlukka. Eit fleirtal meiner at dette bør vere tillatt.
3. Aldersgrensa ved kommune-, fylkes- og stortingsval bør vere 18 år. Subsidiert meiner vi at aldersgrense bør vere 16 år ved dei 3 vala.

Rådet er også oppteken av at stemmegiving på helseinstitusjonar m.v. framleis må vere tillatt.

Rådet kunne også tenkje seg at det burde vere mogleg med oppsøkjande verksemd under valet, t.d. med buss eller drosje, der ein kan stemme i køyretyet.»

Avrøysting

Punkt 1 om innretting av vallokalet:

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 om personleg assistent:
Forslaget vart vedteke med 6 for og 2 mot.

Punkt 3 om stemmerettsalder:
Forslaget vart vedteke med 5 for og 3 mot.

Vedtak

Fylkeseldrerådet støttar saksutgreiinga frå fylkesrådmannen.

Vi vil i tillegg nemne følgjande:

1. Vallokala må innrettast slik at alle kan enkelt delta i valet. Vi tenkjer her på universell utforming med hjelpemiddel slik at svaksynte, blinde og høyrselshemma også kan ha ei god oppleving ved valet.
2. Det er delte meiningar i rådet om ein kan ha med seg personleg assistent inn i valavlukket. Eit fleirtal meiner at dette bør vere tillatt.
3. Aldersgrensa ved kommune-, fylkes- og stortingsval bør vere 18 år. Subsidiert meiner vi at aldersgrense bør vere 16 år ved dei 3 vala.

Rådet er også oppteken av at stemmegiving på helseinstitusjonar m.v. framleis må vere tillatt.

Rådet kunne også tenkje seg at det burde vere mogleg med oppsøkjande verksemd under valet, t.d. med buss eller drosje, der ein kan stemme i køyretet.

PS 28/20 Ombordtillegg på bruk av bankkort om bord på bussane i Hordalandskontraktane

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar forslaget om at prinsippa som ligg til grunn for ombordtillegg på kontantbetaling om bord på bussane (og om bord på båtruta mellom Kleppestø og Strandkaien) i Sone A (Hordaland) vert lagt til grunn ved innføring av betaling med bankkort. Frå innføring av bankkort som betalingsmiddel på bussane, vert det ombordtillegg på betalingar med bankkort for einskildbilletter.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.09.2020

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, Sp, SV og MDG; fram slikt utsetjingsforslag:

«Saka vert utsett til medverknadsorgana har fått uttale seg.»

Avrøysting til forslaget om utsetjing

Forslaget til Brosvik vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til medverknadsorgana har fått uttale seg.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til medverknadsorgana har fått uttale seg

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.10.2020

Trude Brosvik, KrF, sette på vegner av rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fram slikt forslag:

«Betalingsapp er det betalingsmiddelet som er best tilrettlagt for bruk for stordelen av dei gruppene RMNF representerer. Løysingane må vere enkle å forstå og det må vere like system i heile fylket.

For grupper som ikkje har tilgang til smarttelefon kan det synest urimeleg at dei må betale meir for å bruke betalingskort, og vi meiner det prinsipielt bør vere lik pris uavhengig av om ein brukar app eller bankkort.

RMNF vil som eit tilleggspunkt peike på at brukarar med betalingskort heller ikkje er sikra å kome med kollektivtransporten. Det meiner vi bør vurderast i eiga politisk sak.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Betalingsapp er det betalingsmiddelet som er best tilrettlagt for bruk for stordelen av dei gruppene RMNF representerer. Løysingane må vere enkle å forstå og det må vere like system i heile fylket.

For grupper som ikkje har tilgang til smarttelefon kan det synest urimeleg at dei må betale meir for å bruke betalingskort, og vi meiner det prinsipielt bør vere lik pris uavhengig av om ein brukar app eller bankkort.

RMNF vil som eit tilleggspunkt peike på at brukarar med betalingskort heller ikkje er sikra å kome med kollektivtransporten. Det meiner vi bør vurderast i eiga politisk sak.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet vil poengtere følgjande:

Denne saka har vore lagt fram for vedtak i Fylkesutvalet, men har, etter den kjennskap vi har, blitt utsett. Fylkeseldrerådet er svært kritisk til at denne saka ikkje var lagt fram for Fylkeseldrerådet til uttale før den vart lagt fram til handsaming i dei politiske organa. Reglane tilseier at alle saker som gjeld dei eldre sine levekår skal leggest fram for eldrerådet til uttale.

Vi er svært kritisk til innføring av ei slik avgift som vi veit i stor grad vil råke dei eldre og svakaste i samfunnet. Tvert i mot må vi ha eit enkelt og rimeleg opplegg som stimulerer eldre til å kome seg opp av stolen og gjerne ut på korte eller lange reiser. Det er snakka mykje om at vi skal legge til rette for å få fleire til å kome seg ut å delta i det sosiale livet. Dette forslaget legg ikkje opp til slike tiltak.

Vi registrer også at planen er å vurdere dette innført i heile Vestland.

Forslaget står også i sterk kontrast til det som står i nytt frå Vestland fylkeskommune 25.09.2020 at ein får 13 milliardar kroner til byutvikling i Bergen og fire omkringliggende kommunar. Det skal gå til utbygging av kollektivtrafikken, Bybanen, gang- og sykkelvegar, innfartsparkering og miljøvenleg teknologi. Heilt til slutt står det eit avsnitt om reduserte billettprisar. Her står det: «Staten gir også tilskot på 500 millionar kroner til reduserte billettprisar i kollektivtrafikken».

Fylkeseldrerådet stiller seg svært kritisk til framlegget om ombordtillegg på bruk av bankkort. Dette er ikkje i tråd med det ein er oppteken av mellom anna i utvikling av aldersvenlege lokalsamfunn.»

Kristina Vakt skjold Hamre sette på vegner av seg sjølv og Berit Anne Knudsen Larsen fram slikt forslag til tillegg:

«Fylkeseldrerådet sluttar seg til uttalen frå RMNF, og vil poengtere at det prinsipielt bør vere lik pris på reiser uavhengig av om ein brukar app eller bankkort.»

Avrøysting

Harald Ekroll sitt forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Kristina Vakt skjold Hamre sitt forslag til tillegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gje følgjande uttale på «Ombordtillegg på bruk av bankkort om bord på bussane i Hordalandskontraktane»:

Fylkeseldrerådet sluttar seg til uttalen frå RMNF, og vil poengtere at det prinsipielt bør vere lik pris på reiser uavhengig av om ein brukar app eller bankkort.

Fylkeseldrerådet vil også poengtere følgjande:

Denne saka har vore lagt fram for vedtak i Fylkesutvalet, men har, etter den kjennskap vi har, blitt utsett. Fylkeseldrerådet er svært kritisk til at denne saka ikkje var lagt fram for Fylkeseldrerådet til uttale før den vart lagt fram til handsaming i dei politiske organa. Reglane tilseier at alle saker som gjeld dei eldre sine levekår skal leggjast fram for eldrerådet til uttale.

Vi er svært kritisk til innføring av ei slik avgift som vi veit i stor grad vil råke dei eldre og svakaste i samfunnet. Tvert i mot må vi ha eit enkelt og rimeleg opplegg som stimulerer eldre til å kome seg opp av stolen og gjerne ut på korte eller lange reiser. Det er snakka mykje om at vi skal legge til rette for å få fleire til å kome seg ut å delta i det sosiale livet. Dette forslaget legg ikkje opp til slike tiltak.

Vi registrer også at planen er å vurdere dette innført i heile Vestland.

Forslaget står også i sterk kontrast til det som står i nytt frå Vestland fylkeskommune 25.09.2020 at ein får 13 milliardar kroner til byutvikling i Bergen og fire omkringliggjande kommunar. Det skal gå til utbygging av kollektivtrafikken, Bybanen, gang- og sykkelveggar, innfartsparkering og miljøvenleg teknologi. Heilt til slutt står det eit avsnitt om reduserte billettprisar. Her står det: «Staten gir også tilskot på 500 millionar kroner til reduserte billettprisar i kollektivtrafikken».

Fylkeseldrerådet stiller seg svært kritisk til framlegget om ombordtillegg på bruk av bankkort. Dette er ikkje i tråd med det ein er oppteken av mellom anna i utvikling av aldersvenlege lokalsamfunn.

PS 29/20 Møteplan for 2021

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2021 for rådet sine møter slik den ligg føre.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020

Harald Ekroll satte fram slikt forslag til møteplan:

- «26. januar, møtestad Bergen
- 2. mars, møtestad Leikanger
- 13. april, møtestad Førde
- 8. juni , møtestad Bergen
- 14. september, møtestad Førde
- 12. oktober, videomøte
- 16. november, møtestad Odda eller Stord
- 7. desember, møtestad Bergen»

Harald Ekroll sette fram slikt forslag til utsetting:

- «Saka vert utsett til neste møte.»

Avrøysting

Avrøysting til utsetting.

Ekroll sitt forslag om utsetting vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vart utsett til neste møte.

PS 30/20 Underregulering av pensjon

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gi uttale i saka om underregulering av pensjon.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020

Harald Ekroll sette frem slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet viser til brevet frå Gloppen eldreråd og vil uttale følgjande:

Fylkeseldrerådet støttar uttalen frå eldrerådet i Gloppen kommune.

I tillegg til det eldrerådet har nemnt vil vi også minne om at prisen på dei fleste varar og tenester aukar kvart år.

Dei eldre har opparbeid seg ettar gjennom eit langt arbeidsliv og har bidratt med skatt m.v. Dei har også tent opp til pensjon i alle arbeidsår. Det kan ikkje vere meininga at dei skal bidra meir enn andre ved reduksjon i pensjonen ved kvart oppgjer.»

Avrøysting

Det ble røysta 5-3 for uttale.

Kristina Vakt skjold Hamre, Vigdis Helene Ravnøy, og Kjellbjørg Dagny Lunde stemte mot uttale.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek følgjande høyringsuttale til dei politiske partia på Stortinget.

Fylkeseldrerådet viser til brevet frå Gloppen eldreråd og vil uttale følgjande:

Fylkeseldrerådet støttar uttalen frå eldrerådet i Gloppen kommune.

I tillegg til det eldrerådet har nemnt vil vi også minne om at prisen på dei fleste varar og tenester aukar kvart år.

Dei eldre har opparbeid seg rettar gjennom eit langt arbeidsliv og har bidratt med skatt m.v. Dei har også tent opp til pensjon i alle arbeidsår. Det kan ikkje vere meininga at dei skal bidra meir enn andre ved reduksjon i pensjonen ved kvart oppgjer.

PS 31/20 Forslag om å innføre krav om at kommuner og helseføretak skal avtale korleis dei saman skal planleggje og utvikle tenester - Høyringsuttale

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gi uttale om forslag om å innføre krav om at kommunar og helseføretak skal avtale korleis dei saman skal planleggje og utvikle tenester.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Forslag om å innføre krav om at kommunar og helseføretak skal avtale korleis dei saman skal planleggje og utvikle tenester:

Fylkeseldrerådet i Vestland støttar det som er kome fram i høyringsnotatet.

Det er svært viktig at det vert inngått forpliktande avtalar og vil poengtere at avtalane må forankrast breitt i kommunane før dei vert vedtekne. Viktig at representantar for brukarane vert høyrd.

Ein avtale må vere eit levende dokument som vert brukt og ikkje ligg og støvar ned i ei skuff. Avtalen bør følgjast opp kvart når og justerast etter behov og erfaring.

Vi håper at dette vil kunne føre til betre tenester og opplevingar for brukarane.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å komme med følgjande høyringsuttale til «Forslag om å innføre krav om at kommunar og helseføretak skal avtale korleis dei saman skal planleggje og utvikle tenester»:

Fylkeseldrerådet i Vestland støttar det som er kome fram i høyringsnotatet.

Det er svært viktig at det vert inngått forpliktande avtalar og vil poengtere at avtalane må forankrast breitt i kommunane før dei vert vedtekne. Viktig at representantar for brukarane vert høyrd.

Ein avtale må vere eit levende dokument som vert brukt og ikkje ligg og støvar ned i ei skuff. Avtalen bør følgjast opp kvart når og justerast etter behov og erfaring.

Vi håper at dette vil kunne føre til betre tenester og opplevingar for brukarane.

PS 32/20 Høyring av forslag om godkjenningmodell for fritt brukervalg i dei kommunale helse- og omsorgstenestene

Forslag til vedtak

Saka vart lagt fram utan tilråding.

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gi uttale om forslag om godkjenningmodell for fritt brukervalg i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020

Vigdis Helene Ravnøy sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet rår til at høyringsdokumentet avvises.

Det er ikke dokumentert at mottakere av omsorgstjenester får noen forbedringer med fritt brukervalg. Tvert i mot er spørsmålet om det finnes nok økonomi til å finansiere den offentlige velferdsstaten slik vi ønsker den skal være i årene som kommer.

Det kan også stilles spørsmål ved om de eldre, som etter som årene går krever mer av fellesskapet, vil få den omsorgen de har behov for og om de fortsatt er av interesse for de som ønsker lettjente penger.

Det vises til omsorgstjenester i Sverige og Danmark som i stor grad har fritt brukervalg. I disse to nabolandene er det avslørt at forholdene i omsorgstjenestene lider av grove

systemsvikt og uverdigg behandling av eldre. Fritt brukervalg er ingen garanti for en bedre og mer fremtidsrettet omsorg for brukerne.

Forslaget kan i stor grad åpne for «velferdsprofitører» som har spesialisert seg på skatteplanlegging og sosial dumping som kan øke fortjenesten. I den senere tid har globale firmaer kastet sine øyne på Norge og fått sugerøret ned i statskassen (Jfr. Barnehage-sektoren).»

Ho valde å trekke forslaget og det vert ikkje røysta over.

Kjellbjørg Dagny Lunde sette fram slikt forslag:

«St.meld.15 (2017-2018) «Leve heile livet» en kvalitetsreform for eldre, reiser krav om eit eldrevenleg samfunn.

Høyringsnotatet om fritt brukarval viser at det er større behov for betring av innhald og kvalitet i omsorgs- og helsetenester enn fleire kommunar kan tilby.

Dette skuldast bl.a. svak økonomi, manglande og kvalifisert kompetanse og manglande samhandling mellom dei ulike tenestene.

Høyringsnotatet om fritt brukarval godtgjer ikkje at dette tiltaket vil kunne løyse dei grunnleggande problema den veksande eldregruppa vil ha med å få godt tilpassa individuelle tenester, i heimen eller i institusjon.

Ordninga skal finansierast av ordinære budsjettmidlar som kommunane treng til alle typar tenester og oppgåver dei er pålagt.

Kommunane skal ha ansvar for å kvalitetssikre og godkjenne tilbydarane som skal tilby svært ulike typar tenester. Dette betyr at kommunane må ha tilstrekkeleg kompetanse og omfang i slike funksjonar, noko som blir krevjande og dyrt.

Deler av dei skattefinansierte velferdstenestene blir på denne måten overført til private aktørar som skal overta viktige deler av kommunane sitt tenestetilbod, som dei likevel er ansvarlege for at innbyggjarane får, i tråd med lovpålagte krav.

I høyringsnotatet står det : «Kommunal avtale med private leverandørar medfører ikke uten videre fritt brukervalg».

Det kan sjå ut som dette kan medføre at det berre er dei «lønsame» brukarane som kan bli «slusa ut» til den private delen av tenesta. Parallellen til dette kan vi sjå i den private delen av helsetenesta der dei krevjande pasientgruppene/risikopasientar ikkje får tilbod.

Notatet viser ikkje på ein overtydande måte, sett ut frå eldre sin ståstad, at dei påstytte fordelane vil vere tilstades og bli til det beste for eldre som gruppe. Reelle forbetringar må kunne vere godtgjort for at eldrerådet i Vestlandet skulle kunne gi si tilslutning til forslaga i høyringa.

Dette er ikkje gjort greie for på ein tilfredsstillande måte.»

Avrøysting

Kjellbjørg Dagny Lunde sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gi følgjande uttale:

St.meld.15 (2017-2018) «Leve heile livet» en kvalitetsreform for eldre, reiser krav om eit eldrevenleg samfunn.

Høyringsnotatet om fritt brukarval viser at det er større behov for betring av innhald og kvalitet i omsorgs- og helsetenester enn fleire kommunar kan tilby.

Dette skuldast bl.a. svak økonomi, manglande og kvalifisert kompetanse og manglande samhandling mellom dei ulike tenestene.

Høyringsnotatet om fritt brukarval godtgjer ikkje at dette tiltaket vil kunne løyse dei grunnleggande problema den veksende eldregruppa vil ha med å få godt tilpassa individuelle tenester, i heimen eller i institusjon.

Ordninga skal finansierast av ordinære budsjettmidlar som kommunane treng til alle typar tenester og oppgåver dei er pålagt.

Kommunane skal ha ansvar for å kvalitetssikre og godkjenne tilbydarane som skal tilby svært ulike typar tenester. Dette betyr at kommunane må ha tilstrekkeleg kompetanse og omfang i slike funksjonar, noko som blir krevjande og dyrt.

Deler av dei skattefinansierte velferdstenestene blir på denne måten overført til private aktørar som skal overta viktige deler av kommunane sitt tenestetilbod, som dei likevel er ansvarlege for at innbyggjarane får, i tråd med lovpålagte krav.

I høyringsnotatet står det : «Kommunal avtale med private leverandørar medfører ikke uten videre fritt brukerval».

Det kan sjå ut som dette kan medføre at det berre er dei «lønsame» brukarane som kan bli «slusa ut» til den private delen av tenesta. Parallellen til dette kan vi sjå i den private delen av helsetenesta der dei krevjande pasientgruppene/risikopasientar ikkje får tilbod.

Notatet viser ikkje på ein overtydande måte, sett ut frå eldre sin ståstad, at dei påståtte fordelane vil vere tilstades og bli til det beste for eldre som gruppe. Reelle forbetringar må kunne vere godtgjort for at elderrådet i Vestlandet skulle kunne gi si tilslutning til forslaga i høyringa.

Dette er ikkje gjort greie for på ein tilfredsstillande måte.

PS 33/20 Utfordringar knytt til bestilling og betaling av offentleg transport

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gi uttale i saka om utfordringar knytt til bestilling og betaling av offentleg transport.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet viser til brev frå elderrådet i Gloppen kommune.

Fylkeseldrerådet støtter uttalen frå Gloppen elderråd.

Dette er tilhøve som Fylkeseldrerådet har vore svært opptatt av og har teke opp tidlegare i samband med Nasjonal og Regional transportplan.

Det må leggjast opp til eit billettsystem som gjer det mogeleg å få gjennomgåande billettering i heile landet. Det må også alltid takast omsyn til at vi har ei gruppe eldre som ikkje har smarttelefon eller andre tekniske hjelpemiddel.

Rådet er opptatt av følgjande:

1. Det bør være lik pris på reiser uavhengig av om ein brukar app eller bankkort.
2. Oppfordrar til at det vert utarbeid oversikter for billettering, plassbestilling og rutetider, og dette er spesielt av «betydning» for gjennomgåande ruter.
3. Oppfordrar til at det vert utarbeid eit system kor ein kan kjøpe gjennomgåande billett som gjeld for heile turen for reisande over fleire konsesjonsområde.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet viser til brev frå eldrerådet i Gloppen kommune.

Fylkeseldrerådet støtter uttalen frå Gloppen eldreråd.

Dette er tilhøve som Fylkeseldrerådet har vore svært opptatt av og har teke opp tidlegare i samband med Nasjonal og Regional transportplan.

Det må leggst opp til eit billettsystem som gjer det mogeleg å få gjennomgåande billettering i heile landet. Det må også alltid takast omsyn til at vi har ei gruppe eldre som ikkje har smarttelefon eller andre tekniske hjelpemiddel.

Rådet er opptatt av følgjande:

1. Det bør være lik pris på reiser uavhengig av om ein brukar app eller bankkort.
2. Oppfordrar til at det vert utarbeid oversikter for billettering, plassbestilling og rutetider, og dette er spesielt av «betydning» for gjennomgåande ruter.
3. Oppfordrar til at det vert utarbeid eit system kor ein kan kjøpe gjennomgåande billett som gjeld for heile turen for reisande over fleire konsesjonsområde.

PS 34/20 Innspel til arbeid med - Handlingsplan for universell utforming- frå Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gi uttale i saka om innspel til arbeid med handlingsplan for universell utforming frå Vestland fylkeskommune. **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020**

Rådet har den oppfatning at rådet ikkje har fått tid til å utforme uttale, og ber om at Fylkesutvalet utsett saka.

Avrøysting

Det er samrøystes vedteke at forslaget utsettast.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland har vedteke å utsette saka.